

Gards- og stølsturisme i Valdres i 2009



Ei undersøking mellom deltakarane i gards- og stølsturismeprojektet i Valdres

Guri Grønolen, landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Oppland

Oppsummering

Fylkesmannen i Oppland v/ landbruksavdelinga har i samarbeid med Valdres natur- og kulturpark hausten 2009 gjennomført ei spørjeundersøking mellom deltakarane i gards- og stølsturismeprojektet i Valdres for å få meir kunnskap om tydinga av denne næringa i regionen. Referansar til bygdeturismen i Valdres i denne undersøkinga er difor knytt til deltakarane i dette prosjektet.

Det er sett på likskapstrekk og forskjellar mellom gards- og stølsturismen i Valdres og nasjonalt ved å trekkje samanlikning med medlemsundersøkinga Hanen, bransjeorganisasjonen for bygdeturisme og gardsmat, gjennomførte sommaren 2009. Det er også gjort enkelte samanlikningar mellom bygdeturismen og situasjonen for reiselivet generelt.

Resultata frå sommarsesongen 2009 viser at reiselivet både nasjonalt og i Valdres opplevde ein nedgang, medan det er vekst i bygdeturismen. Veksten i bygdeturismen i Valdres er større enn i landet elles – og det er stølane som veks mest.

Vi ser dei same resultatane dersom vi samanliknar 2009 på årsbasis med 2008. Medan reiselivet i Valdres hadde ein nedgang på 4,1%, i Oppland 2,9% og for landet som heilskap 2,4%, voks gards- og stølsturismen både i Noreg og i Valdres – og veksten i Valdres er større enn i landet elles: Nesten 60% av vertskapane våre hadde ein sesong som anten var litt betre eller mykje betre enn i 2008. Tilsvarende tal for bygdeturismen i Noreg var 50.

Aktørane innan bygdeturismen har stor tru på framtida. Optimisme pregar også gards- og stølsturismen i Valdres - aller mest optimistiske er stølsturismevertskapane der 100% er anten ”ganske eller svært optimistiske”.

Omsetnaden er låg i gards- og stølsturismen i Valdres. Det finst fleire døme på verksemdar som har eit betydeleg økonomisk omfang, men framleis er det ei typisk tilleggsnæring på aktive gardsbruk. Tilboda er i ein utviklings- og utprøvningsfase.

Dei viktigaste kanalane for å nå ut til marknaden med informasjon om gards- og stølsturismen er Valdres Temaguide og vertskapas eigne heimesider. Informasjon andre reiselivsbedrifter gjev om tilboda er også svært viktig. Verksemdene hadde om lag 23.000 gjester i 2009, av dette var i overkant 2000 stølsbesøk. Døme frå andre område som tilbyr stølsbesøk, tyder på at dette talet ikkje er spesielt høgt.

Anslag viser at omsetnaden mellom deltakarane i gards- og stølsturismeprojektet i Valdres i 2009 ligg i området 10 -12 mill. kr. Dette gjev ringverknadar for næringslivet på minst 5 -6 mill. kr, sannsynlegvis meir. I tillegg kjem overrislings-effektar for regionen. Gards- og stølsturismen er viktig for merkevarebygginga i Valdres, bl.a. fordi dei opne gardane og stølane fungerer som utstillingsvindauge for regionen.

Kapittel 1 Innleiing

Valdres Natur- og Kulturpark har satsing på gards- og stølsturisme i regionen som eit høgt prioritert tiltak. Satsinga omfattar to prosjekt:

- **Gards- og stølsturismeprojektet:** Omfattar mobilisering, marknadsføring, kompetanseheving og nettverksbygging. 34 deltakarar; – 18 av desse deltek også i
- **Fyrtårnprosjektet** som har fokus på produktutvikling og kompetanseheving. Valdres Destinasjon er prosjekteigar. Hovudforskjellen mellom desse to prosjekta, er at fyrtårnprosjektet stiller store krav til arbeidsinnsats frå deltakarane:
 - å følgje møteserien i prosjektet
 - jobbe aktivt mellom samlingane, m.a.
 - føreta ein gjennomgang av eiga drift og spisse produktet sitt
 - å føreta ei kartlegging av aktuelle samarbeidspartar i verdikjeda
 - utvikle konkrete tilbod med samarbeidspartar
 - oppdatere forretningsplanen
 - delta på studietur til Austerrike og Valdresvert-kurs

Gards- og stølsturismevertskapa som deltek i satsinga gjennom Valdres Natur- og Kulturpark og Valdres Destinasjon, fordeler seg over heile Valdres. Tilboda er ulike og spenner frå overnatting i tradisjonelle gards- og stølshus med heil- eller halvpensjon, til enkel utleige på garden eller stølen. Det er tilbod om dagsbesøk på gard eller støl krydra med ulike aktivitetar og opplevingar. Fleire av gardane tilbyr unike selskaps- og møtelokal med servering. Tre utsal av lokalmat deltek også i prosjektet.

Vertskapas bakgrunn, ambisjonar og fartstid innan gards- og stølsturismen svært ulik. Enkelte har vore innan bygdeturismen ein liten mannsalder, medan mange er etablert dei siste 5-10 åra. Enkelte har investert fleire millionar kroner og driv på heilårsbasis, andre har starta forsiktig med små investeringar og har berre ope ein til to dagar i sommarmånadane.

Det er trong for å få meir kunnskap om denne næringa. Difor har Fylkesmannen i Oppland i samarbeid med Valdres Natur- og Kulturpark gjennomført ei undersøking av gards- og stølsturismen i Valdres. Eit interessant bakteppe for studien er m.a. følgjande forhold:

- **Situasjonen for reiselivet i 2008 – 2009** er prega av ein generell nedgang både i Valdres (- 4,1%), Oppland (- 2,9) og landet som heilskap (-2,4%)
- **Situasjonen for bygdeturismen¹⁾ i Noreg:** Hanen, bransjeorganisasjonen for bygdeturisme og gardsmat, har gjennomført ei medlemsundersøking som viser at medlemene har hatt ein god sommar i 2009 og at næringa er prega av optimisme.

¹⁾ I denne undersøkinga er det ikkje omgrepet bygdeturisme nærare definert. Når det vert snakka om bygdeturismen i Valdres, handlar dette om deltakarane i gards- og stølsturismeprojektet i Valdres. Der det er referansar til bygdeturismen i Noreg, refererer dette seg til medlemene i Hanen, bransjeorganisasjonen for bygdeturisme og gardsmat i Noreg.

Målet med undersøkinga mellom deltakarane i gards- og stølsturismeprojektet i Valdres er å:

- få meir kunnskap om tydinga av gards- og stølsturismen i regionen, både for vertskapa og for regionen som heilskap
- identifisere likskapstrekk og forskjellar mellom bygdeturismen i Valdres og i Noreg
- foreta samanlikningar mellom situasjonen for det generelle reiselivet og gards- og stølsturismen i Valdres

Kapittel 2 Metode

Hausten 2009 er det gjennomført ei spørjeundersøking blant dei 31 deltakarane i gards- og stølsturismeprojektet i Valdres som er over utgreiingsfasen og har etablert eit produkt som dei tilbyr ute i marknaden.

Spørjeskjemaet er utarbeida av dei ansvarlege for studien. Svarene er anonyme og er delvis sendt postalt eller innsamla på samlingar og møter. Spørjeskjemaet har 9 spørsmål. 8 av spørsmåla var avkryssingssørsmål. 5 av spørsmåla inngjekk i Hanens spørjeundersøking i 2009. Dette gjeld spørsmål 2 t.o.m. 6.

Det var ønskje om å avgrense antall spørsmål. Det er difor ikkje spurdt om opplysingar vedrørande vertskapas bakgrunn (utdanning, yrkesrøynsle med mer) eller om garden (driftsform, storleik med mer). Spørjeskjemaet er vedlagt, vedlegg 1.

Kapittel 3 Resultat

28 av dei 31 vertskapa som fekk tilsendt spørjeskjema, har svarene på undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 90. Dei fordeler seg slik:

- 13 vertskap som tilbyr stølsturisme – ein av desse er stølen på Valdres Folkemuseum
- 10 gardar som tilbyr gardsturisme
- 2 vertskap som tilbyr ein kombinasjon av gards- og stølsturisme
- 3 utsal av lokalprodusert mat.

Undersøkinga gjeld resultat pr 01.10.2009.

Det er verdt å merke seg at enkelte av vertskapa ikkje har høgsesong om sommaren, men for eksempel utover hausten og fram mot jol og nyttår.

3.1 Presentasjon av resultata

For spørsmåla 3 – 7 er resultata presentert slik:

- Ein tabell som viser resultata samla for alle respondentane
- Resultata for stølane og gardane vert presentert kvar for seg for å synleggjera eventuelle forskjellar

To respondentar driv med både gards- og stølsturisme og har levert eit skjema for den samla reiselivsverksemda si. Resultata frå desse inngår i samletabellen, men kan ikkje verta splitta opp og fordelt på gard eller støl. Tre utsal inngår også i undersøkinga. Desse er heller plassert under støl eller gard.

Tabellane 2 - 6 viser òg resultata frå Hanens nasjonale undersøking - kalla "Noreg".

Nedanfor summerer vi opp dei viktigaste/mest interessante resultata.

Spørsmål 1:

Deltek du i Fyrtårnprosjektet i Valdres?

11 svara at dei ikkje deltek i Fyrtårnprosjektet i Valdres. 17 deltek i Fyrtårnprosjektet.

Kommentarar:

Dette tyder at alle deltakarane i fyrtårnprosjektet som er ute i marknaden med eit produkt har svara på undersøkinga.

Spørsmål 2:

Kva for verksemdar driv du – som inngår i svara nedanfor?

(sett eitt eller fleire kryss under dei aktuelle verksemdsområda)

Verksemd	Tal	%	Noreg %
Gardsturisme	11	40	
Stølsturisme	15	54	
Overnatting	12	43	60
Servering	14	50	42
Gardsbutikk/eigen utsalsstad	10	36	35
Tur/guiding	4	14	
Fjøsstell	7	25	
Andre aktivitetar ¹⁾	22	79	

¹⁾Døme på andre aktivitetar som er nemnt, er catering (4 stk), ysting, kurs, kanoutleige, sykkelutleige, hestar, hundekøyring, jaktkort.

Kommentar:

I snitt er det 2,5 verksemdområde per svar. Som verksemdsområde er rekna overnatting, servering, gardsbutikk/eigen utsalsstad, tur/guiding, fjøsstell eller andre aktivitetar.

Tilsvarande tal i Hanens undersøking er 2,4.

Spørsmål 3

Korleis ser sommarsesongen 2009 ut samanlikna med i fjor?

(sett eitt kryss under det svaret som passer best)

Samanstilling av alle svar

	Valdres			Tal	Noreg	
	Tal	%	Akkumulert %		%	Akkumulert %
Mykje betre enn i fjor	7	25	25	32	13	13
Litt betre enn i fjor	8	29	54	77	32	45
Omtrent som i fjor	10	36	89	73	31	76
Litt dårlegare enn i fjor	3	11	100	41	17	93
Mykje dårlegare enn i fjor		0	100	12	5	98
Ikkje svara	0	0		5	2	100
Totalt	28¹⁾	100	100	240	100	100

¹⁾ Sjå kommentarar på antallet under kap 3.1. Presentasjon av resultata

Kommentar:

Over halvparten av dei som svara, hadde hatt ein sommar som var ”litt eller mykje betre enn i fjor”. Over 1/3 opplyste at sommaren var ”omtrent som i 2008”. Samanliknar vi resultata frå Valdres med resultata frå Hanens undersøking, ser vi at Valdres har gjennomgåande betre resultat.

3.1 Korleis ser sommarsesongen 2009 ut samanlikna med i fjor?
(sett eitt kryss under det svaret som passer best)

Stølar

	Valdres			Tal	Noreg	
	Tal	%	Akkumulert %		%	Akkumulert %
Mykje betre enn i fjor	3	23	23	32	13	13
Litt betre enn i fjor	5	38	62	77	32	45
Omtrent som i fjor	3	23	85	73	31	76
Litt dårlegare enn i fjor	2	15	100	41	17	93
Mykje dårlegare enn i fjor		0	100	12	5	98
Ikkje svara		0	100	5	2	100
Totalt	13	100	100	240	100	100

Kommentar:

Over 60% av stølane rapporterer om at sommarsesongen 2009 var ”litt eller mykje betre enn i fjor”. Tilsvarande tal for Hanens medlemsbedrifter er 45%.

3.2 Korleis ser sommarsesongen 2009 ut samanlikna med i fjor?
(sett eitt kryss under det svaret som passer best)

Gardar

	Valdres			Tal	Noreg	
	Tal	%	Akkumulert %		%	Akkumulert %
Mykje betre enn i fjor	1	10	10	32	13	13
Litt betre enn i fjor	3	30	40	77	32	45
Omtrent som i fjor	6	60	100	73	31	76
Litt dårlegare enn i fjor		0	100	41	17	93
Mykje dårlegare enn i fjor		0	100	12	5	98
Ikkje svara		0	100	5	2	100
Totalt	10	100	100	240	100	100

Kommentar:

40% av gardane rapporterer at sommarsesongen har vore ”litt eller mykje betre enn i fjor”. Alle gardane rapporterer om at sommaren har vore omtrent som i fjor eller betre. Samanlikna med Hanens undersøking, ser vi at noko færre av gardane i Valdres har hatt ein litt eller mykje betre sommarsesong enn i fjor.

Til gjengjeld har ingen av Valdres-gardane rapport om tilbakegang i høve til fjoråret i motsetnad til Hanens undersøking der 22% har hatt ein litt eller mykje dårlegare sesong enn i fjor.

Spørsmål 4

Korleis har 2009 så langt vore samanlikna med 2008?

(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Samanstilling av alle svar

	Valdres			Noreg		
	Tal	%	Akkumulert %	Tal	%	Akkumulert %
Mykje betre enn i 2008	7	25	25	31	13	13
Litt betre enn i 2008	9	32	57	83	35	48
Omtrent som i 2008	10	36	93	69	29	76
Litt dårlegare i 2008	2	7	100	40	17	93
Mykje dårlegare i 2008		0	100	9	4	97
Ikkje svara		0	100	8	3	100
Totalt	28	100	100	240	100	100

Kommentar:

Heile 31% av vertskapa i Valdres oppgjev at 2009 har vore mykje betre enn 2008, men 13% av Hanens medlemmer oppgjev det same. 93 prosent i Valdres rapporterer at 2009 har vore omtrent som 2008 eller betre. Tilsvarande tal for Hanen er 76%.

Spørsmål 4.1 Korleis har 2009 så langt vore samanlikna med 2008?

(set eitt kryss ved det svaret som passer best)

Stølar

	Valdres			Tal	Noreg	
	Tal	%	Akkumulert %		%	Akkumulert %
Mykje betre enn i fjor	2	15	15	31	13	13
Litt betre enn i fjor	6	46	62	83	35	48
Omtrent som i fjor	3	23	85	69	29	76
Litt dårlegare enn i fjor	2	15	100	40	17	93
Mykje dårlegare enn i fjor		0	100	9	4	97
Ikkje svara		0	100	8	3	100
Totalt	13	100	100	240	100	100

Kommentar:

85% av stølane seier at 2009 har vore omtrent som i fjor eller betre. 76% av Hanens medlemmer rapporterer det same.

Spørsmål 4.2 Korleis har 2009 så langt vore samanlikna med 2008?

(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Gardar

	Valdres			Tal	Noreg	
	Tal	%	Akkumulert %		%	Akkumulert %
Mykje betre enn i fjor	1	10	10	31	13	13
Litt betre enn i fjor	4	40	50	83	35	48
Omtrent som i fjor	5	50	100	69	29	76
Litt dårlegare enn i fjor		0	100	40	17	93
Mykje dårlegare enn i fjor		0	100	9	4	97
Ikkje svara		0	100	8	3	100
Totalt	10	100	100	240	100	100

Kommentar:

For alle Valdres-gardane har 2009 vore omtrent som i fjor eller betre. Tilsvarande tal for Hanen er 76%.

Spørsmål 5

Korleis ser du på framtida for verksemda di?

(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Samanstilling av alle svar

	Valdres			Noreg		
	Tal	%	Akkumulert %	Tal	%	Akkumulert %
Svært optimistisk	5	18	18	47	20	20
Ganske optimistisk	16	57	75	122	51	70
”Midt på treet”	7	25	100	65	27	98
Ganske pessimistisk	0	0	0	5	2	100
Svært pessimistisk	0	0	0	0	0	100
Ikkje svara	0	0	0	1	0	100
Totalt	28	100	100	240	100	100

Kommentar:

75% av verksemdene i Valdres er ”ganske eller svært optimistiske”. Tilsvarende tal for Hanens undersøking er 70%. Både i Valdres og mellom Hanens medlemmer er det tilnærma ingen vertskap som er pessimistiske med tanke på framtida.

Spørsmål 5.1 Korleis ser du på framtida for verksemda di?

(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Stølar

	Valdres			Tal	Noreg	
	Tal	%	Akkumulert %		%	Akkumulert %
Svært optimistisk	1	8	8	47	20	20
Ganske optimistisk	12	92	100	122	51	70
”Midt på treet”		0	100	65	27	98
Ganske pessimistisk		0	100	5	2	100
Svært pessimistisk		0	100	0	0	100
Ikkje svara		0	100	1	0	100
Totalt	13	100	100	240	100	100

Kommentar:

Alle stølsvertskapa er ganske eller svært optimistiske med tanke på framtida. Tilsvarende tal for Hanens medlemmer er 70%.

Spørsmål 5.2 Korleis ser du på framtida for verksemda di?

(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Gardar

	Valdres			Tal	Noreg	
	Tal	%	Akkumulert %		%	Akkumulert %
Svært optimistisk	2	20	20	47	20	20
Ganske optimistisk	3	30	50	122	51	70
”Midt på treet”	5	50	100	65	27	98
Ganske pessimistisk			100	5	2	100
Svært pessimistisk			100	0	0	100
Ikkje svara			100	1	0	100
Totalt	10	100	100	240	100	100

Kommentar:

Halvparten av vertskapa som driv med gardsturisme i Valdres er ganske eller svært optimistiske med tanke på framtida for verksemda, medan tilsvarende tal for Hanens medlemmer er 70%. Medan 50% av gardane oppgjev at dei er ”midt på treet” i høve til framtida for verksemda, rapporterer 27% av Hanens medlemmer om det same.

Spørsmål 6

Kor stor omsetnad hadde du i 2008 for verksemda di?

(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Samanstilling av alle svar ¹⁾

	Valdres			Noreg		
	Tal	%	Akkumulert %	Tal	%	Akkumulert %
Under 50.000 kr	18	64	64			
50.000 - 100.000 kr	1	4	68	45	19	19
100.000 – 500.000 kr	4	14	82	95	40	58
500.000 – 1 mill. kr	2	7	89	35	15	73
1 – 2,5 mill kr	3	11	100	35	15	88
Over 2,5 mill kr		0	100	28	12	99
Ikkje svara		0	100	2	1	100
Totalt	28	100	100	240	100	100

¹⁾I HANENs undersøking er det lågaste intervallet: Under 100.000 kr

Kommentar:

82% av vertskapa i Valdres har ei omsetning på ½ mill. eller mindre. Tilsvarende tal i Hanens medlemsundersøking er 58%.

Medan over 19 av 28 (68%) vertskap i Valdres har ei omsetning på under 100.000, har 19% det same i Hanens undersøking. 3 av 28 (11%) av vertskapa i Valdres har ei omsetning på mellom 1 – 2,5 mill. kr, tilsvarende tal i Hanens undersøking er 15%.

Spørsmål 6.1 Kor stor omsetnad hadde du i 2008 for verksemda di?

(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Stølar:

	Valdres			Noreg		
	Tal	%	Akkumulert %	Tal	%	Akkumulert %
Under 50.000 kr	10	77	77			
50.000 - 100.000 kr		0	77	45	19	19
100.000 – 500.000 kr	2	15	92	95	40	58
500.000 – 1 mill. kr		0	92	35	15	73
1 – 2,5 mill kr	1	8	100	35	15	88
Over 2,5 mill kr		0	100	28	12	99
Ikkje svara		0	100	2	1	100
Totalt	13	100	100	240	100	100

Kommentar:

Stølsturismevertskapa legg for dagen ein høg grad av optimisme, samstundes som omsetnaden deira er låg. Heile 77% av vertskapa som driv stølsturisme i Valdres har ei omsetning på under 100.000 kr. Tilsvarande tal i Hanens medlemsundersøking er 19%. Faktisk er det slik at i Valdres har alle desse ein omsetnad på under kr 50.000.

2 av 13 vertskap i Valdres (15%) har ein omsetnad på 100.000 – 500.000 kr, samanlikna med 40% i Hanens medlemsundersøking.

Spørsmål 6.2 Kor stor omsetnad hadde du i 2008 for verksemda di?

(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Gardar:

	Valdres			Noreg		
	Tal	%	Akkumulert %	Tal	%	Akkumulert %
Under 50.000 kr	6	60	60			
50.000 - 100.000 kr	1	10	70	45	19	19
100.000 – 500.000 kr	2	20	90	95	40	58
500.000 – 1 mill. kr	0	0	90	35	15	73
1 – 2,5 mill. kr	1	10	100	35	15	88
Over 2,5 mill. kr		0	100	28	12	99
Ikkje svara		0	100	2	1	100
Totalt	10	100	100	240	100	100

Kommentar:

7 av 10 vertskap (70%) som driv gardsturisme i Valdres har ein omsetnad på under 100.000 kr, tilsvarande i Hanens undersøking er 19%. 1 av vertskapa i Valdres (10%) har ein omsetnad på 1 – 2,5 mill. kr. Tilsvarande tal for Hanens undersøking er 35 stk. (15%).

Spørsmål 7

Kor stor omsetnad har du hatt så langt i 2009 for verksemda di (omsetnad pr 01.10.09)?
(sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Samanstilling av alle svar

	Valdres		
	Tal	%	Akkumulert %
Under 50.000 kr	18	64	64
50.000 - 100.000 kr	0	0	64
100.000 – 500.000 kr	4	14	78
500.000 – 1 mill. kr	2	7	85
1 – 2,5 mill. kr	4	14	100
Over 2,5 mill. kr	0	0	100
Ikkje svara	0	0	100
Totalt	28	100	100

Kommentar:

64% rapporterer om ein omsetnad pr 01.10.2009 på under 50.000 kr. 6 av 28 vertskap (21%) har ein omsetnad mellom 500.000 – 2,5 mill. kr.

**Spørsmål 7.1 Kor stor omsetnad har du hatt så langt i 2009 for verksemda di
(omsetnad pr 01.10.09)?** (sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Stølar

	Valdres		
	Tal	%	Akkumulert %
Under 50.000 kr	10	77	77
50.000 - 100.000 kr		0	77
100.000 – 500.000 kr	2	15	92
500.000 – 1 mill. kr		0	92
1 – 2,5 mill kr	1	8	100
Over 2,5 mill kr		0	100
Ikkje svara		0	100
Totalt	13	100	100

Kommentar: 10 av 13 stølar (77%) rapporterer om ein omsetnad pr 1.10.09 på under 50.000 kr.

**Spørsmål 7.2 Kor stor omsetnad har du hatt så langt i 2009 for verksemda di
(omsetnad pr 01.10.09)?** (sett eitt kryss ved det svaret som passer best)

Gardar

	Valdres		
	Tal	%	Akkumulert %
Under 50.000 kr	6	60	60
50.000 - 100.000 kr	0	0	60
100.000 – 500.000 kr	2	20	80
500.000 – 1 mill. kr	1	10	90
1 – 2,5 mill. kr	1	10	100
Over 2,5 mill. kr	0	0	100
Ikkje svara	0	0	100
Totalt	10	100	100

Kommentar:

6 av gardane (60%) hadde hatt ein omsetnad på under 50.000 kr pr 1.10.09. 2 (20%) hadde hatt ein omsetnad mellom 500.000 – 2,5 mill. kr.

Spørsmål 8

Korleis har gjestene fått vite om verksemda di?

(set eitt eller fleire kryss ved dei alternativ som passar)

	Tal	%
Valdres Temaguide	19	68
Annonsar	9	32
Eiga heimeside	19	68
Valdresportalen, www.valdres.no	6	21
Informasjon frå reiselivsbedrifter	13	46
Anna, t.d eiga brosjyre, plakatar, via bekjente	12	43

Kommentar:

Valdres Temaguide og eiga heimeside peikar seg ut som dei viktigaste kanalane gjestene har fått vite om gards- og stølsturismeverksemdene på; - så mange som 68% rapporterer om at kvar av desse kanalane er måten gjestene er vorte gjort kjent med produktet deira.

46% rapporterer om at gjestene deira har fått vite om tilboda etter informasjon frå reiselivsverksemdar.

Spørsmål 9

Kor mange gjester har du hatt pr 011009?

Gards- og stølsturismeverksemdene i Valdres har pr 1.oktober 2009 hatt **totalt 23.076 personar** på besøk.

Desse fordeler seg slik mellom gardar, stølar og utsal:

Gjester på stølar:	2.116 pers ¹⁾
Gjester på gardar:	9.210 pers
Gjester på kombinasjon av gards- og stølsturisme:	50 pers
Gjester på utsal:	6.700 pers

¹⁾ I tillegg til dette kjem besøket på stølen på Valdres Folkemuseum som tilsvarar 5000 pers.

Kommentar:

Valdres Hytteutleie formidlar også utleige av stølar. Dei opplyser at sommaren og hausten 2009 utgjorde dette 234 døgn eller 747 persondøgn. Valdres Hytteutleie har elles enkelte vurderingar på stølen som utleigeprodukt, sjå vedlegg 2.

Kap 4 Konklusjonar og diskusjonar

4.1 Sommarsesongen 2009

Medan reiselivet i Noreg og Valdres opplever nedgang, er det vekst i bygdeturismen. Veksten i Valdres er større enn i landet elles – og det er stølane som veks mest.

Gards- og stølsturismevertskapa i Valdres rapporterer om ein betre sommarsesong enn medlemsbedriftene i Hanen. 89% av vertskapa i Valdres hadde ein sesong som var omtrent som i fjor eller betre. Tilsvarande tal for Hanen er 76%.

Det er interessant å sjå dette i samanheng med utviklinga i reiselivet elles. I følgje Statistikknett hadde den samla marknaden for reiselivet sommaren 2009 ein nedgang frå i fjor på 0,8 % i Valdres, 3,3 prosent i Oppland og 1,1% i landet.

Det er stølane som har hatt den beste utviklinga. Her rapporterer 62 prosent at sesongen var litt eller mykje betre enn i fjor. Tilsvarande tal for gardane er 40 prosent.

Moglege forklaringar:

- Vertskapa i Valdres har over ei årrekkje jobba med vidareutvikling av produkta sine og delteke på ulike kurs.
- Fungerer dei opne gardane og stølane som utstillingsvindaug for Valdres? Utan at vi har nokon formell statistikk å vise til, er det eit gjennomgåande trekk at vertskapa fortel at dei opne gardane og stølane er stader som vi valdrisar gjerne tek med våre besøkande når vi skal vise fram det "ekte Valdres".
- Valdres Natur- og Kulturpark har i samarbeid med Fylkesmannen i Oppland satsa sterkt på marknadsføring og profilering av gards- og stølsturismen i regionen, gjennom m.a. Valdres Temaguide, Valdresportalen, messer, deltaking i annonsekampanjar i samarbeid med Innovasjon Noreg og Hanen.
- Fylkesmannen i Oppland har gjennom sine stølsmiddel både støtta opp om den regionale satsinga på gards- og stølsturisme gjennom tildeling av middel og direkte til vertskap som ønskjer å utvikle eit tilbod på sin støl eller gard.

4.2 Situasjonen i 2009 samanlikna med 2008

Nedgang i reiselivet, vekst i gards- og stølsturismen i Valdres – og veksten er større enn i landet elles.

Gards- og stølsturismen i Valdres har opplevd tydeleg framgang det siste året. Nesten kvart tredje gards- og stølsturismevertskap i Valdres rapporterer at 2009-sesongen er mykje betre enn i 2008 og nesten 60% seier at sesongen anten er litt betre eller mykje betre enn i 2008.

At det er ei positiv utvikling i etterspurnaden av gards- og stølsturismetilbod, kjem også fram i Hanens undersøking. Her viser tala at nesten 50% av verksemdene har hatt ein sesong som anten er litt betre eller mykje betre enn i 2008.

Det er interessant å merke seg at den positive utviklinga for desse tilboda kjem i ein periode der reiselivet elles merkar nedgang; i same perioden opplevde reiselivet i Valdres ein nedgang på 4,1%, medan nedgangen i landet var på 2,4% og Oppland på 2,9%.

4.3 Haldningar til framtida for gards- og stølsturismen

Vertskapa ser optimistisk på framtida – aller mest optimistiske er stølsturismevertskapa.

Medlemsundersøkinga til Hanen viser ei næring med stor tru på framtida – så godt som ingen gjev uttrykk for pessimisme. Optimisme pregar også gards- og stølsturismen i Valdres. Heile $\frac{3}{4}$ av vertskapa i Valdres ser ganske eller svært optimistisk på framtida. Og aller mest optimistiske er stølsturismevertskapa – der 100% er anten ”ganske eller svært optimistiske”.

Kanskje er det også slik at nettverket som er skapt gjennom satsinga på gards- og stølsturisme i Valdres bidreg til deltakaranes positive haldningar til framtida.

4.4 Omsetnad i 2008 og pr 01.10.2009

Omsetnaden er låg i gards- og stølsturismen. Tilboda er i ein utviklingsfase og er viktige for merkevarebygginga av Valdres.

Omsetnaden er låg for gards- og stølsturismeverksemdene. Nesten 65% har ein omsetnad på under 50.000 kr både i 2008 og i 2009.

Gards- og stølsturismen er tilleggsnæringar for vertskapa. Nær 65% av stølsturismevertskapa (vi ser då bort frå Valdres Folkemuseum) har mjølkeproduksjon på stølen. Omlag 80% av gardane med turisme har gardsdrift med husdyr.

5 verksemdar (då ser vi bort frå Valdres Folkemuseum) oppgjev ein omsetnad på eit nivå som viser at verksemda har eit visst omfang: 4 verksemdar, dvs to stølar og to gardar, har

ein omsetnad på mellom 100.000 – 500.000. Ein av gardane har ein omsetnad som ligg mellom 1 – 2.5 mill. kr.

Sidan gardane og stølane byr på unike og spesielle opplevingar, er det grunnlag for å påstå at tilboda er viktige i merkevarebygginga av Valdres.

Stølane

Spesielt har stølane låg omsetnad. Nesten 80% av stølane har ein omsetnad på under 50.000 kr. I denne samanheng er det viktig å peike på følgjande:

- **Stølane er i ei utviklings- og etableringsfase**
12 av dei 13 stølane er i ein utviklings- og etableringsfase. 8 av stølane deltek i fyrårnsatsinga der produktutvikling og forretningsplanlegging står sentralt. Sesongane 2008 og 2009 har difor for dei fleste bore preg av utprøving, å starte i det små og å opparbeide seg kunnskap og forståing av rolla som turistvert. Røynslene vertskapa har gjort seg, blir grunnlag for viktige avgjerder kring framtidig satsing på stølsturisme.
- **Omsetnaden må verta sett i høve til omfanget på verksemda.**
Det er ei svakheit ved undersøkinga at vi ikkje får opplysingar om kor mange timar vertskapa jobbar i verksemda eller informasjon om timegodtgjersla deira. Vi veit at mange av stølane har avgrensa opningstider; 1 – 2 dagar per veke i sommarmånadane. Ein avgrensa omsetnad på stølane, kan likevel gje ei bra timebetaling dersom arbeidsinnsatsen er låg.

Vurderingar av økonomien må også verta sett i samanheng med forventingar om inntekt og avkastning. Nokre av budeiene har i intervju uttrykt at å ta mot gjester er ein måte å nytte ledig tid på stølen på. Dette er ei effektivitetsvurdering som ikkje berre har å gjera med størst mogleg lønsemd.

Nokre av vertskapa seier at dei er nøgde med inntekta. Nokre 10-tals tusen kroner frå stølsturismen er faktisk eit viktig bidrag for å sikre at dei held oppe stølsdrifta og er med på å forsvare at dei er på stølen eit par månadar i året.

Det er elles interessant å notere seg at vertskapa også er svært optimistiske, jmf. kap. 4.3. Kanskje heng dette saman med at vertskapa er stolte over tilbodet sitt og glade over å kunne la andre få del i det. Det er ei gjennomgåande tilbakemelding frå vertskapa at dei får svært gode tilbakemeldingar frå gjestene sine. Dette gjev tru på framtida og optimisme.

Gardane

Fleire av dei 10 gardane som deltek i undersøkinga er i ei oppstart- og utviklingsfase; 60% av vertskapa jobbar aktivt med produktutvikling og kompetanseheving gjennom deltaking i Fyrårnsprosjektet for gards- og stølsturisme i Valdres. Omsetninga er også høgare enn for stølane: Vel 20% av gardane har ein omsetnad mellom 100.000 – 500.000 og for ein gard er omsetnaden mellom 1 - 2,5 mill. kr.

4.5 Korleis har gjestene fått vite om gards- og stølsturismetilboda?

Gards- og stølsturismetilboda er vorte kjent gjennom Valdres Temaguide og vertskapas egne heimesider.

Det er spesielt gjennom Valdres Temaguide og egne heimesider at gjestene har fått vite om tilboda – nærare 70% har oppgjeve kvar av desse kjeldene som måten gjestene har vorte gjort kjent med tilboda deira.

Valdres Natur- og Kulturpark marknadsfører gards- og stølsturismen gjennom:

- annonsar gjennom samarbeid med Hanen og Innovasjon Noreg
- Valdresportalen, som har link til gards- og stølsturismeverksemdene
- Valdres Temaguide

Det er grunn til å tru at desse marknadstiltak har spelt ei rolle for at gjestene har funne fram til dei enkeltes heimesider.

Det er også svært interessant å sjå at nesten 50% har oppgjeve at det er informasjon frå andre reiselivsbedrifter som har gjort gjestene kjent med gards- og stølsturismetilboda. I gards- og stølsturismeprojektet er det jobba mykje med nettverksbygging og kontakt med øvrig reiselivsnæring. Det kan verke som om dette arbeidet no gjev resultat.

4.6 Tal gjester i gards- og stølsturismen

Verksemdene har til saman hatt vel 23.000 personar på besøk. Vi har ikkje tal frå tidlegare år å samanlikne med.

Dersom vi held besøka på stølen til Valdres Folkemuseum utanom statistikken, blir talet på gjester om lag 18.000. Av desse har vel 2.100 besøkt stølane våre.

Lokalbefolkninga eit uutnytta potensial?

Til samanlikning hadde dei 18 stølane med drift på Snåsa i 2008 eit besøk på 4518 personar. Litt over halvparten av desse var snåsingar, medan vel 1/5 var folk frå grannekommunar. (Kjelde: Setersatsing på Snåsa i 2008, Trøndelag Forsøksring 2009)
”Det en kunne frykte for ble hard konkurranse om besøkskundene, har i stedet blitt et styrket miljø som med den spredte beliggenhet, varierende tilgjengelighet, personavhengige atmosfære fører til at flere og flere blir nysgjerrig på hvordan det er på de andre setrene”, heiter det i rapporten.

I undersøkinga gjennomført i Valdres, har vi ikkje nærare kunnskap om kven gjestene på gardane og stølane er. Det generelle inntrykket frå samtaler med vertskapane er at lokalbefolkninga tyder mykje for gardsturismen i Valdres. På stølane derimot, utgjer lokalbefolkninga eit mindretal. Vi kan difor spørja oss om lokalbefolkninga kanskje representerer eit uutnytta potensial for stølsturismevertskapane.

4.7 Tydinga av gards- og stølsturismen i Valdres

For å kunne seia noko om tydinga av gards- og stølsturismen i Valdres, er omsetning, økonomiske ringverknadar og overrissingseffektar interessant å sjå på nærare på. Det er også knytt nokre kommentarar til tydinga av gards- og stølsturismen tyding for merkevarebygginga av Valdres:

- **Tydinga av gards- og stølsturismen for merkevarebygginga av Valdres**

Merkevarebygginga i Valdres skal bygge på natur- og kulturverdiar. Det er viktig å fokusere på det som er unikt for Valdres – vår eigenart, dvs det rike mangfaldet av sterke sanseopplevingar og inntrykk. I charteret er det spesielt vist til stølslandskapet og stavkyrkjene.

Gardane og stølane byr på unike og spesielle opplevingar. Det er difor grunnlag for å seia at tilboda er viktige i merkevarebygginga av Valdres.

Som det er vist til andre stader i denne studien, er det eit gjennomgåande trekk at vertskapa fortel at dei opne gardane og stølane er stader som vi valdrisar gjerne tek med våre besøkande når vi skal vise fram det ”ekte Valdres”. Kanskje fungerer difor dei opne gardane og stølane som utstillingsvindauge for Valdres?

- **Omsetnad på gards- og stølsturismeverksemdene i 2009**

Undersøkinga gjev ikkje noko godt svar på samla omsetnad på dei opne gardane og stølane. Avkryssingane skjer i høve til gitte intervall for omsetnad t.d. kr 50.000 – 100.000, kr 100.000 – 500.000 osv. Det er ei svakheit ved undersøkinga at intervalla er store og at dei også er ulike. Bakgrunnen for val av intervall, er at det er desse Hanen har vald i si undersøking.

Med utgangspunkt i undersøkinga er det grunn til å tru at omsetninga på dei 28 verksemdene er **10 - 12 mill. kr.** Vi byggjer dette på følgjande føresetnader:

- Innanfor kvart intervall vert gjennomsnittsomsetninga multiplisert med antallet avkryssingar for det enkelte intervall. Omsetninga innanfor ulike intervall vert summert til slutt
- Undersøkinga gjeld resultat pr. 01.10.2009. Fleire av vertskapa har ikkje høysesong om sommaren, men for eksempel utover hausten og fram mot jol. For desse verksemdene vil omsetnaden i 2009 vera høgare enn det som framkjem i vårt material.

I snitt gjev dette om lag 430.000 kr i omsetning. ”Det stemmer veldig bra med de tallene vi fant i vår rapport med data fra årene 2005 og 2006. Vår omsetning var litt mindre, men omfattet også verter som kanskje ikke er fullt så proffe som de du har”, opplyser Magnar Forbord i Senter for Bygdeforskning og viser til rapport 4/08 ”Hva betyr reiseliv, kultur og lokal mat for omsetning og sysselsetting i distriktene?” frå Bygdeforskning.

Undersøkinga viser at vi med sikkerheit kan seia at samla omsetnad pr 01.10.09 på dei 28 verksemdene som driv gards- og stølsturisme ligg i intervallet 5,8 – 14,9 mill. kr.

- **Økonomiske ringverknadar**

Det er vanskeleg å talfeste økonomiske ringverknadar av gards- og stølsturismen. Nedanfor er det gjort nokre vurderingar av desse.

Aktuelle ringverknadar er knytt til innkjøp i den enkelte gards- og stølsturismeverksemd. Næringa fører til auka omsetning i detaljvarehandelen, ulike tenesteytarar til hytter, overnattings- og serveringsstader og lokal og regional samferdsel. Ein del av ringverknadane vil difor vera knytt til lokalt næringsliv, andre noko forsvinn ut av distriktet.

Kor stor del av omsetninga i gards- og stølsturismen vert ringverknadar for lokalt næringsliv? Senter for Bygdeforskning i Trondheim vurderer det slik at mykje – kanskje mesteparten - av omsetninga til turistvertane går til innkjøp av varer og tenester nettopp frå slike leverandørar.

Dersom vi legg dette til grunn, skaper aktiviteten til deltakarane i gards- og stølsturismeprosjektet ein minst ein **økonomisk ringverknad for næringslivet i Valdres på 5 - 6 mill. kr, sannsynlegvis meir.**

- **Økonomiske overrissingseffektar**

Dette vert vanlegvis definert som pengar turisten legg att andre stader enn i overnattingsbedrifta.

Diverre gjev ikkje spørjeundersøkinga oss ikkje noko godt bilete på tal overnattingsdøgn på gardane og stølane som deltek i gards- og stølsturismeprosjektet. Det vert difor ikkje rekna på den økonomiske overrissingseffekten.

Vi meiner det er grunnlag for å tru at ein del turistar vert lenger i Valdres pga av at dei besøker ein gard eller ein støl. Konkret melder enkelte stølar om slike tilbakemeldingar frå sine besøkande. Dette gjev økonomiske verknadar for både overnattingsverksemdar og varehandel i Valdres. Nedanfor er det laga eit rekneeksempel for å illustrere kva dette kan bety reint økonomisk for regionen:

Føresetnadar:

- 10% av gjestene som besøker ein gard eller støl blir ein dag lenger i regionen pga at dette besøket
- Forbruk av pengar på øvrige tilbud i regionen: 300 kr/døgn

Økonomisk verknad for regionen:

	Tal personar	Kr/døgn	Økonomisk verknad
Besøk på gardar og stølar ¹⁾	1800	300	500.000

¹⁾ Her har vi berre teke med besøk på gardar og stølar, eksklusive besøk på Valdres Folkemuseums stølsområde.

Kommentarar

Vi finn gards- og stølsturismeaktørar i Valdres som ikkje deltek i gards- og stølsturismeprojektet, m.a. har stølsutleige eit visst omfang. Den økonomiske tydinga av dette har vi ikkje kjennskap til.

Valdres Hytteutleie er ein privat aktør som formidlar stølsutleige. Derfrå vert det opplyst at samla omsetnad på utleige av stølar i 2009 var om lag 110.000 kr og utgjorde 747 persondøgn. Aktuelle ringverknadar av dette i form av kjøp av varer og tenester frå dei som leiger stølar vert sett til 300 kr/døgn og utgjer vel 200.000 kr.

I tillegg til dette kjem at gardane og stølane byr på unike og spesielle opplevingar som er viktige i merkevarebygginga av Valdres. Dette er det ikkje gjort noko forsøk på å talfeste.

Meir informasjon

Kontakt Guri Grønolen hjå Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga for meir informasjon, tlf. 61359455, e-post ggr@fmop.no

Sjå også www.valdres.no med presentasjon av vertskapa.

Vedlegg 1

Gards- og stølsturisme i Valdres. Resultat hittil i 2009

Vi ber om at alle fyller ut skjemaet og sender det til oss før den 27.10, eller tar det med på møtet. Skjemaet behandles konfidensielt.

Spørsmål 1

Deltar du i Fyrtårnprosjektet i Valdres?

Nei

Ja

Spørsmål 2

Hvilke virksomheter driver du – som inngår i svarene nedenfor?

(sett ett eller flere kryss ved de aktuelle virksomhetsområdene)

Gardsturisme	
Stølsturisme	
Overnatting	
Servering	
Gardsbutikk/eget utsalgssted	
Tur/guiding	
Fjøsstell	
Andre aktiviteter, som f.eks:	

Spørsmål 3

Hvordan ser sommersesongen 2009 ut?

(sett ett kryss ved det svaret som passer best)

Mye bedre enn i fjor	
Litt bedre enn i fjor	
Omtrent som i fjor	
Litt dårligere enn i fjor	
Mye dårligere enn i fjor	

Spørsmål 4**Hvordan har 2009 så langt vært sammenlignet med 2008?**

(sett ett kryss ved det svaret som passer best)

Mye bedre enn i 2008	
Litt bedre enn i 2008	
Omtrent som i 2008	
Litt dårligere i 2008	
Mye dårligere i 2008	

Spørsmål 5**Hvordan ser du på fremtiden for din virksomhet?**

(sett ett kryss ved det svaret som passer best)

Svært optimistisk	
Ganske optimistisk	
”Midt på treet”	
Ganske pessimistisk	
Svært pessimistisk	

Spørsmål 6**Hvor stor årsomsetning hadde du i 2008 for din virksomhet?**

(sett ett kryss ved det svaret som passer best)

Årsomsetning i 2008	
Under 50.000 kr	
50.000 - 100.000 kr	
100.000 – 500.000 kr	
500.000 – 1 mill. kr	
1 – 2,5 mill kr	
Over 2,5 mill kr	

Spørsmål 7**Hvor stor omsetning har du hatt så langt i 2009 for din virksomhet?**

(sett ett kryss ved det svaret som passer best)

Omsetning pr 01.10.09	
Under 50.000 kr	
50.000 - 100.000 kr	
100.000 – 500.000 kr	
500.000 – 1 mill. kr	
1 – 2,5 mill kr	
Over 2,5 mill kr	

Spørsmål 8**Hvordan har gjestene fått vite om din virksomhet?**

(sett ett eller flere kryss ved de alternativ som passer)

Valdres Temaguide	
Annonser	
Egen hjemmeside	
Valdresportalen, valdres.no	
Henvisning fra reiselivsbedrifter	
Annet:	

Spørsmål 9

Hvor mange gjester har du hatt pr 01.10.09? Ca_____

Takk for hjelpa! 😊 😊 😊

Returnèr til:

Valdres Natur- og Kulturpark, v/Guri Grønolen, Skrautvålsvegen 77, 2900 Fagernes

Vedlegg 2

Valdres Hytteutleie og stølsproduktet

Omsetnad innanfor stølsutleige gjennom Valdres Hytteutleie

På bakgrunn av informasjon frå Valdres Hytteutleie om utleiedøgn og prisar, er det nedanfor gjort eit anslag på omsetnaden knytt til utleige av stølar gjennom Valdres Hytteutleie i 2009:

Føresetnadar:

- 234 døgn tilsvarar 33,4 veker
- Snittpris på stølsutleige pr veke: kr 3.250

Samla omsetnad for utleige av stølar gjennom Valdres Hytteutleie utgjer omlag kr 110.000 i 2009.

Frå Valdres Hytteutleie har vi fått dette innspelet:

“Det er god etterspørsel og mye gjenkjøp på de mest populære stølene.

Det bør arbeides for å øke betalingsvilligheten i markedet for stølsopphold. Dette er et unikt produkt som kunden burde betale en høyere pris for å få anledning til å oppleve.

De fleste stølene leies kun ut på sommerstid på grunn av dårlig isolerte hus og avstand til kjørbar vei. Vi har ikke mye etterspørsel om vinteren etter steder som ligger langt fra vei. De fleste gjester ønsker dusj og det er ikke alltid like enkelt om vinteren.

En måte å øke omsetningen på overnatting er å få flere gjester til å velge høsten som ferietid. Høsten er mer etterspurt enn våren, og siden flere støler ligger høyt til fjells er det ikke alltid farbar vei før nærmere St. Hans.

Derimot kan det være mulig å få til påskeleie til støler som ligger ved skiløyper og har bra standard. Det er en del kriterier som må til for at stølene blir enklere å leie ut, bl.a. wc og dusj. Har nettopp fått inn en støl til utleie og den blir populær, her har eieren restaurert med tanke på utleie og nå kommer det en familie der i romjulen.”